



DET KONGELIGE
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

MØRE OG ROMSDAL FYLKE	
Mottatt: 15 JULI 2008	
J.m.F.	/
Ark.	Saks.
Sek.	

Deres ref
7.3.2008

Vår ref
2008/00395 – ASR/ASa

Dato
11.07.2008

Oppfølging av regjeringa sin bioenergistrategi – tildeling av pilotprosjektmidler

Landbruks- og matdepartementet tildeler med dette totalt 2 mill. kr til fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal for gjennomføring av bioenergiprojekt. Tildelinga er ei oppfølging av regjeringa sin bioenergistrategi, der det er teke inn at Landbruks- og matdepartementet i 2008 vil setje i gong eit pilotprosjekt for å utvikle effektiv logistikk og lønsame verdikjeder knytt til uttak av råstoff til biobrensel frå skog, kulturlandskap og vegkantar.

Vi syner til søknad frå fylkesmennene i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal av 7. mars 2008 om midlar til utsiktsrydding langs veg m.m.

Departementet har vurdert søknaden og gir med dette tilsegn om 2 mill. kr i støtte til prosjektet, av midlar sett av i Landbrukets utviklingsfond. Departementet har sett prosjektsøknaden i samanheng med omtala av eit pilotprosjekt knytt til bioenergi i regjeringa si bioenergistrategi frå våren 2008. Søknaden frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane dekkjer i utgangspunktet ikkje alle dei elementa departementet meiner bør med i eit slikt pilotprosjekt, og departementet set derfor nokre vilkår om innretning av prosjektet til tildelinga.

Om prosjektsøknaden

Søknaden rettar seg delvis mot å vidareføre tidlegare fylkesvise prosjekt, "Opne landskap" og "Kulturlandskap og attgroing" (2004-2008) i Sogn og Fjordane og "Frå

Postadresse
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Kontoradresse
Akersgt. 59

Telefon
22 24 90 90
Org no.
972 417 874

Avdeling for skog- og
ressurspolitikk
Telefaks
22 24 27 53

Saksbehandler
Arne Sandnes
22 24 91 78

kratt til kroner” (2005-2008) i Møre og Romsdal. I søknaden blir det lagt vekt på utsiktsrydding langs veg/vedlikehald av slike strekningar, få etablert eit langsiktig ”utsiktsryddingsprogram” saman med andre aktørar, samt å arbeide fram virkemiddel for utsiktsrydding med overføringsverdi til resten av landet. Omsøkt beløp til Samferdselsdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Landbruks- og matdepartementet var totalt 6 mill. kr fordelt over to år.

Tildeling og vidare innretning av prosjektet

Det er eit overordna mål i norsk landbrukspolitikk å sikre eit levande landbruk, med busetjing og næringsutvikling/sysselsetting over heile landet. Dette bidreg til å halde kulturlandskapet ved like, noko som også er viktig for norsk reiseliv. Stell av kulturlandskapet gjennom målretta uttak av biomasse i kombinasjon med beiting, slått og ungskogpleie vil syte for at viktige kulturlandskapsverdiar blir oppretthaldne. Vidare vil attgroinga bli redusert og råstoffet kan nyttast til miljøvenleg og i mange tilfelle ”kortreist” bioenergi med positive klimabidrag. Utsiktsrydding langs prioriterte vegstrekningar kan vidare gi betre trafikksikkerheit og færre vilt påkjørsalar. Hovudutfordringa ligg i å skape bedriftsøkonomisk lønnsemd slik at aktørane finn denne ressursutnyttinga interessant.

I Strategi for auka utbygging av bioenergi – bioenergistrategien – frå 2008, står det at:

”Landbruks- og matdepartementet vil i 2008 sette i gang et pilotprosjekt for å utvikle effektiv logistikk og lønnsomme verdikjeder knyttet til uttak av råstoff til biobrensler fra skog, kulturlandskap og veikanter. Som en del av prosjektet skal det foretas en vurdering av mulige virkemidler for å få økt produksjon av skogsflis basert på hogstavgift, herunder GROT, og andre aktuelle råstoffkilder som for eksempel rydningsvirke og småtrær”.

Tiltaket har bakgrunn i generelt dårleg lønnsemd knytt til oppsamling/uttak og råstoffbehandling oppstraums i næringa. Betra lønnsemd og meir velfungerande verdikjeder vil vere viktig for å lykkast med å få tak i råstoff til å kunne nå målet om auka utbygging av 14 TWh innan 2020 (jf. Bioenergistrategien).

Fylka har gjennom dei tidlegare nemnde prosjekta tileigna seg relevante kunnskapar og erfaringar som pilotprosjektet kan tuftast på og drage veksle på vidare. Fylka har også godt tilfang av aktuelle vegstrekningar og kulturlandskap/utkikkspunkt som er viktige i reiselivssamanheng.

Som pilotprosjekt manglar søknaden noko på nyskaping og originalitet. Departementet legg til grunn at pilotprosjektet skal omfatte meir enn utsiktsrydding langs veg, og vil kort gjere greie for nokre hovudrammer.

Departementet legg til grunn at pilotprosjektet skal framskaffe relevant erfaringsgrunnlag for vurdering av virkemiddelbruk og utforming knytt til ulike sider

ved hausting/behandling av råstoff frå a) skog, b) jordbrukets kulturlandskap og c) langs vegar og utsiktspunkt til energiformål for å bidra til lønnsame verdikjeder for bioenergi på nasjonalt nivå.

Innretning og kort om ulike element i prosjektet

a) Skog

Skogen er i bioenergistrategien peika ut som hovudkjelda for råstoff til bioenergi i Noreg. Uttak av skogsråstoff som ikkje har nokon alternativ bruk anna enn til energiformål, bl.a. GROT, har for dårleg lønsemd til at aktørar finn dette aktuelt og økonomisk interessant å utføre. Det er avgjerande for den vidare utbygginga av bioenergi at rammevilkåra for utnyttinga av desse råstoffraksjonane blir vurdert og tilstreккеleg forbetra.

Kystskogbruket har særlege utfordringar, med eit betydeleg potensial for auka utnytting av skogressursane – også til bioenergi. Departementet legg til grunn at hausting av biobrensel frå skogsareala vil utgjere den dominerande og mest kostnadseffektive råstoffkjelda omfatta av dette pilotprosjektet på landsbasis. Prosjektet bør derfor innrettast med sikte på uttesting av oppsamling, transport og flising av GROT frå taubanedrifter og ordinær heilmekanisert hogst. Vidare også utgreiing/analyse av logistikkutfordringar i primærproduksjonen fram til varmeproduksjon/sluttbrukar.

b) Landskapspleie/rydding i jordbrukets kulturlandskap

Det fins mykje attgroingsareal med råstoff som er veleigna til biobrensel. Slik rydding og vedlikehald med beiting kan ha positiv effekt på biologisk mangfald. Tiltaket vil vere viktig for bygdesamfunn og reiselivsnæringa. Tiltaka bør derfor innrettast med sikte på uttesting av rasjonell hausting, oppsamling og behandling av virke til energiformål frå utvalte landskap og transport til varmeanlegg, samt preferanseanalysar av landskapspleietiltaka.

c) Landskapspleie/rydding langs veg og utsiktspunkt

Landskapspleie/rydding langs veg og utsiktspunkt er viktig for reiseliv/turisme, samt for trafikksikkerheit og reduksjon i viltpåkjørslar for dei vegstrekingane som blir rydda. Innretning av tiltaka som for punktet over.

Vilkår for tildeling

Innafor rammene nemnt over må prosjektet gi:

- kunnskap om råstoffbehandling og logistikk i verdikjeda fram til sluttbrukar
- kunnskap om kostnader ved tiltaka og hensiktsmessige driftsmetodar og –utstyr
- kunnskap om lønsemd- og sysselsetjingseffektar, samt næringsutviklingspotensial

- råstoff til lokal bioenergiproduksjon
- kunnskap om klimabidrag av tiltaka

Vidare må prosjektarbeidet og -planlegginga utformast slik at resultata i størst mogleg grad får nasjonal relevans. Dette inneber at prosjektstyregruppa sikrar naudsynt koordinering med andre relevante aktørar/prosjekt i ulike landsdelar, bl.a. reiselivsnæringa og andre næringsorganisasjonar, for å utnytte synergjar, men og for å unngå dobbeltarbeid. Vidare er det viktig at naturlege forskingsinstitusjonar blir knytt til prosjektet med omsyn til planlegging og gjennomføring.

Departementet legg til grunn at prosjektstyregruppa med deltakande partar tidleg etter oppstart av pilotprosjektet legg fram ein plan for gjennomføring med budsjett for departementet, t.d. i eit oppstarts-/dialogmøte.


Oppsummering

Departementet gir tilsegn om 2 mill. kr av midlar avsett til LUF og legg til grunn ein 2-årig prosjektperiode, med oppstart i 2008.

Departementet legg til grunn at fylka forvaltar tildelte midlar i samsvar med lova om offentlege anskaffingar av 1999, at dei elles blir nytta etter føresetnadane, og at departementet får tilsendt ein sluttrapport etter prosjektavslutning.

Midlane blir utbetalt etter skriftleg oppmoding til departementet.

Med helsing



Steinar Bø (e.f.)
avdelingsdirektør



Arne Sandnes
rådgiver